

## **Konkurransedyktige vilkår for kraftkrevjande industri i Noreg**

Landbasert prosessindustri sysselset i dag om lag 44.000 personar, 28.000 av desse i metallindustrien. Mange av verksemdene i bransjen er det ein gjerne kallar hjørnesteinsbedrifter i sine lokalsamfunn.

Elektrisk kraft er ein vesentleg innsatsfaktor i denne industrien, og verksemdene er også i stor grad lokalisert i område med betydeleg kraftproduksjon.

Kraftkjelda for norsk metallindustri er nær 100% vasskraft. Vasskraft genererer ingen utslepp av CO<sub>2</sub>, men vert likevel belasta med CO<sub>2</sub>-kostnad. Ein konsekvens av dette er at norsk metallindustri kuttar produksjon (t.d. Hydro Sunndal og SØRAL) samstundes som det vert etablert ny produksjon andre stader i verda – i hovudsak basert på kolkraft.

Denne forma for karbonlekkasje med auka globale utslepp som konsekvens står i skarp strid til formålet med kvotehandelssystemet.

Det pågår ein prosess i EU for å finne fram til mellombels ordningar for å unngå ei storstila utflagging av europeisk prosessindustri. Sentralt i dette står ordningar for såkalla CO<sub>2</sub>-kompensasjon. Det er venta at EU vil fatte endeleg vedtak om dette i løpet av 2010.

Den norske regjeringa med Senterpartiet i spissen må difor:

1. Arbeide aktivt med konkrete løysingar og fortgang i arbeidet som pågår i EU knytt til CO<sub>2</sub>-kompensasjon.
2. Utforme eit konkret norsk regelverk for CO<sub>2</sub>-kompensasjon.
3. Gje kraftkrevjande industri i Noreg meir føreseielege vilkår

Hordaland Senterparti.